

Tussa Energi AS

Tussa II kraftverk

Søknad om anleggskonsesjon

Oppdragsnr.: 524006523 Dokumentnr.: RA-RIM-05 Revisjon: E02 Dato: 2026-02-19



Tussa II kraftverk

Søknad om anleggskonsesjon

Oppdragsnr.: 524006523 Dokumentnr.: RA-RIM-05 Revisjon: E02

Oppdragsgjevar: Tussa Energi AS
Oppdragsgjevares kontaktperson: Arild Høydal
Rådgjevar: Norconsult Norge AS
Oppdragsleiar: Eirik Bugge Kulsrud (Øystein Rønningen)
Fagansvarleg: Oline Kleppe
Andre nøkkelpersonar: Kristian Fauskanger

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
B01	2025-12-10	Til Tussa for gjennomgang	olkle	krfau	ebuku
E02	2025-02-19	For innsending til NVE	olkle	krfau	oeyroe

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Samandrag	3
1.2	Om søkar	3
1.3	Søknad	4
1.4	Framdrift	5
1.5	Forarbeid	5
2	Planlagt anlegg	6
2.1	Tussa II kraftverk	6
2.1.1	Elektrisk anlegg i kraftstasjon	6
2.1.2	Kabelanlegg	6
2.2	Eksisterande Tussa kraftverk	7
2.2.1	Elektrisk anlegg i kraftstasjon	7
2.2.2	Kabelanlegg	7
2.3	Mellombels løysing	7
2.4	Alternative løysingar	8
2.5	Permanente og mellombelse hjelpeanlegg	9
2.6	Anleggsgjennomføring	9
2.7	Klimaløysingar	9
3	Grunngjeving	10
4	Samfunnsøkonomisk vurdering og val av teknisk løysing	11
4.1	Val av konsept	11
4.2	Teknisk-økonomisk vurdering	11
4.3	Nettkapasitet	11
5	Verknadar for miljø og samfunn	11
6	Naturfare og beredskap	13
7	Forhold til grunneigarar og rettshaverar	14
7.1	Kjøp av naudsynte rettar	14
7.2	Erstatningsprinsipp	14
7.3	Rett til juridisk bistand	14
	Vedlegg	15

1 Innleiing

1.1 Samandrag

Eksisterande Tussa kraftverk ligg på Bjørke, inst i Hjørundfjorden i Volda kommune, i Møre og Romsdal Fylke (sjå Figur 1-1). Kraftverket er eigd av Tussa Energi og utnyttar fallet mellom Tyssevatnet og Storfjorden. NVE har i vedtak datert 13.06.2025 vurdert at opprusting og utviding av Tussa kraftverk, i form av bygging av Tussa II kraftverk, ikkje er konsesjonspliktig.



Figur 1-1. Lokaliseringa i Bjørke inst i Hjørundfjorden er vist med blå prikk.

For å kunne bygge Tussa II kraftverk treng Tussa konsesjon etter energilova til det elektriske anlegget i kraftverket, samt tilknytning til Linja AS sin nye transformatorstasjon i Bjørke. Tussa treng også konsesjon for å knyte eksisterande Tussa kraftverk til den nye Bjørke transformatorstasjon. All tilknytning til Bjørke transformatorstasjon, både for det nye og det gamle kraftverket, er planlagt som kablar i berg og nedgravd lags veg. Traséen mellom Tussa II kraftverk og Bjørke transformatorstasjon er ca. 1000 m. Traséen mellom Tussa kraftverk og Bjørke transformatorstasjon er ca. 750 m.

1.2 Om søkar

Tussa Kraft vart stifta i 1949 og er ein kraftprodusent og -leverandør på søre Sunnmøre. Tussa Kraft er morselskapet til Tussa Energi som produserer, byggjer og driv vasskraftverk. Tussa Energi eig 29 vasskraftverk og 1 biobrenselanlegg, og produserer nok straum til å forsyne rundt 41 000 bustadhus med straum i eit år. Tussa Energi har 20 tilsette og hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta kommune. Tabell 1-1 viser opplysningar om søkar.

Det er Tussa Energi AS (Tussa) som vil bygge og drifte det omsøkte anlegget.

Tabell 1-1 Opplysningar om konsesjonær.

Søkar	Namn: Tussa Energi AS		
	Kontaktperson: Arild Høydal	Tlf: 971 57 530	Epost: arild.hoydal@tussa.no
	Adresse: Langemyra 6		
	Organisasjonsnummer: 876 795 442		

1.3 Søknad

For å kunne bygge Tussa II kraftverk treng Tussa konsesjon etter energilova til det elektriske anlegget i kraftverket, samt tilknytning til Linja AS sin nye transformatorstasjon i Bjørke som er planlagt omsøkt 1.kvartal 2026. Tussa Energi AS søker derfor med dette om konsesjon etter Lov av 29. juni 1990 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (Energiloven) til følgjande:

- 2 stk. generatorar, kvar med spenning på om lag 13 kV og maksimal yting 85 MVA
- 2 stk. krafttransformatorar (T1 og T2) med omsetting generatorspenning/132 kV og yting inntil 90 MVA. Ved behov kan ein av desse vere omkoblbar med yting 90 MVA og omsetting generatorspenning/ (66/132) kV
- Naudsynt høgspenningsanlegg
- 1 stk. jordkabelkurs frå kvar av transformatorane T1 og T2 i Tussa II kraftstasjon til Bjørke transformatorstasjon, totalt 2 stk. kabelkursar. Kvar kurs med trasélengde på ca. 970 m og tverrsnitt med minimum straumføringsevne tilsvarande TSLF 3 x 1 x 630 mm².

For å knyte eksisterande Tussa kraftverk til den nye Bjørke transformatorstasjon søker Tussa Energi AS om konsesjon etter Lov av 29. juni 1990 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (Energiloven) til følgjande:

- 1 stk. krafttransformator med omsetting 11,5/132 kV og yting inntil 80 MVA plassert i eksisterande Tussa kraftstasjon
- 1 stk. 132 kV kabelkurs frå Tussa kraftstasjon til Bjørke transformatorstasjon med lengde på ca. 720 m og tverrsnitt med minimum straumføringsevne tilsvarande TSLF 3 x 1 x 630 mm².

Når ny transformator er installert i eksisterande Tussa kraftverk og knytt til Linja AS sin Bjørke transformatorstasjon, er det ikkje lenger behov for eksisterande 66 kV transformatorar i Tussa. Eksisterande generatorar vil bli drifta vidare.

For det tilfellet at Tussa II kraftverk er ferdig bygd før Linja AS har ferdigstilt ny transformatorstasjon med 132 kV spenningsnivå på Bjørke, kan det vere aktuelt for å Tussa å nyee ei mellombels løysing for å få kraftproduksjonen frå Tussa II kraftverket på nettet. I så fall vil Tussa nytte ein omkoblbar transformator i Tussa II kraftverk og omsøkte kabelanlegg til å koble Tussa II kraftverk på det eksisterande 66 kV nettet via eksisterande kraftstasjon. Kabelanlegga frå Tussa II og eksisterande Tussa kraftverk vil då koblast saman i skøytekum ved planlagt Bjørke transformatorstasjon. For ytterlegare beskrivelse sjå kapittel 2.3.

Kabeltraséar for permanent situasjon og eventuell mellombels situasjon er vist i Vedlegg 1.1 og 1.2.

1.4 Framdrift

Tabell 1-2 viser planlagt framdriftsplan for bygging av Tussa kraftverk og tilhøyrande nettilknytning i regi av Linja AS.

Tabell 1-2 Førebels framdriftsplan for bygging av Tussa II kraftverk og rehabilitering av Dam Tyssevatn. Antatt framdrift for Linja AS si bygging av Bjørke transformatorstasjon og ny 132 kV forbindelse til Ørsta

	2026		2027		2028		2029	
	1.halvår	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår	2.halvår
Tussa II kraftverk								
Rehabilitering Dam Tyssevatnet								
132 kV Bjørke – Ørsta								
Bjørke transformatorstasjon								

1.5 Forarbeid

For forarbeid knytt til bygging av Tussa II kraftverk viser vi til Detaljplan for miljø og landskap for Tussa II kraftverk.

Løysinga for nettilknytning er utarbeidd i tett samarbeid med Linja AS og deira arbeid med søknad om Anleggskonsesjon for Bjørke transformatorstasjon og 132 kV forbindelse Bjørke – Ørsta. Sjå kapittel 4.3 for vidare omtale.

Byggetida for Tussa II kraftverk vil vere om lag tre og eit halvt år, medan byggetid for Bjørke transformatorstasjon og 132 kV forbindelse Bjørke – Ørsta er estimert til ca. to år. For at begge anlegga skal stå ferdig samstundes må Tussa II kraftverk ha byggestart om lag eit og eit halvt år tidlegare enn nettilknytninga, og dermed før Linja sitt anlegg har fått anleggskonsesjon. Tidleg byggestart for Tussa II kraftverk er også teneleg med tanke på arealbruken i Bjørke. På denne måten kan Tussa nytte arealet på Flotane, der Bjørke transformatorstasjon er planlagt, til handtering av tunnelstein, før Linja tek over arealet for å bygge transformatorstasjonen.

Ein slik forsert byggestart for Tussa II kraftverk vil medføre ein viss usikkerheit knytt til tidspunkt for Linja sin endelege Anleggskonsesjon, byggestart og idriftssetting. For det tilfellet at Linja ikkje har ferdigstilt sitt anlegg når Tussa II kraftverk står ferdig kan Tussa kople Tussa II kraftverk til eksisterande 66 kV nett i ei mellombels løysing, med den avgrensinga at produksjonen må avgrensast til dagens kapasitet i nettet.

Tussa er i dialog med alle grunneigarar med målsetjing om å inngå friville avtalar. For dei eignedomane det ikkje vert oppnådd minneleg avtale vil det bli sendt eigen søknad om ekspropriasjon.

2 Planlagt anlegg

2.1 Tussa II kraftverk


2.1.1 Elektrisk anlegg i kraftstasjon

Følgjande elektrisk anlegg vil bli plassert i trafohall i berg i samband med kraftstasjonen:

- 2 stk. generatorar, kvar med spenning på om lag 13 kV og maksimal yting 85 MVA
- 2 stk. krafttransformatorar (T1 og T2) med omsetting generatorspenning/132 kV og yting inntil 90 MVA. Ved behov kan ein av desse vere omkobbar med yting 90 MVA og omsetting generatorspenning/ (66/132) kV
- Naudsynt høgspenningsanlegg

2.1.2 Kabelanlegg

For den permanente løysinga med tilknytning av det nye kraftverket til Bjørke transformatorstasjon på Flotane vil det gå ein kabelkurs frå kvar transformator i kraftstasjonen til koblingsanlegget. Kablane vert liggjande ca. 750 m i betongkulvert i sida av tilkomsttunnel frå kraftstasjonen til portalen, og vidare ca. 250 m frå portalen til Bjørke transformatorstasjon. Kvar kabelkurs vil bestå av tre fasar som vert lagt enten i tett forlegning i trekant eller i flat forlegning. Val av leggekongfigurasjon vil avhenge av termiske berekningar. Figur 2-1 viser alternativet med forlegning i tett trekant i betongkulvert. Trasé er vist på kart i Vedlegg 1.1.



Figur 2-1 Snitteikning av tilkomsttunnel med kabelanlegg i venstre side av køyrebana.

2.2 Eksisterande Tussa kraftverk


2.2.1 Elektrisk anlegg i kraftstasjon

Det er behov for følgjande nytt elektrisk anlegg i eksisterande Tussa kraftverk:

- 1 stk. krafttransformator med omsetting 11,5/132 kV og yting inntil 80 MVA plassert i eksisterande Tussa kraftstasjon

2.2.2 Kabelanlegg

Omsøkt kabel vert liggande ca. 250 m i eksisterande luftesjakt frå eksisterande kraftstasjon til dei kjem ut i friluft på toppen av luftesjakta, og vidare ca. 500 i vegen ned til Bjørke transformatorstasjon. Trasé er vist på kart i Vedlegg 1.1. Kabelen er planlagt lagt direkte i kabelsand i grøft eller i trekkerør i vegskulder.



Figur 2-2 Snitteking av kabelanlegg i vegskulder mellom luftesjakt og Bjørke transformatorstasjon.

2.3 Mellombels løysing


Ved ei eventuell mellombels løysing der Tussa II kraftverk vert knytt til eksisterande 66 kV nett, vil kraftverket nytte den omkoblbare transformatoren og den eine kabelkursen ut av tilkomsttunnelen og drifte dette på 66 kV. I ein skøytekum ved Bjørke transformatorstasjon vil kabel frå Tussa II kraftverk koblast saman med kabel frå eksisterande Tussa kraftverk, og krafta førast via eksisterande Tussa kraftverk til Linja sitt eksisterande 66 kV koblingsanlegg utanfor eksisterande Tussa kraftverk. I ein slik situasjon vil det vere drift på eit aggregat i eksisterande Tussa kraftverk og eit aggregat i Tussa II kraftverk. Produksjonen vil tilpassast kapasiteten i nettet. Trasé for kabelanlegg for dette tilfellet er vist i Vedlegg 1.2.

Ei slik løysing krev ingen ytterlegare transformatorar eller kabelanlegg utover at ein av transformatorene må vere omkoblar. Ved overgang frå 66 kV til 132 kV spenningsnivå må kabelanlegga skøytest om i skøytekummen ved Bjørke transformatorstasjon.

2.4 Alternative løysingar

Det har vore vurdert ei alternativ løysing med kabelanlegg i eksisterande tunnelsystem til eksisterande portal og vidare langs Åkrevegen til Linja sitt nye koblingsanlegg på Flotane for tilknytning av eksisterande kraftverk til Bjørke transformatorstasjon, samt for ei eventuell mellombels løysing med tilknytning av det nye kraftverket til eksisterande koblingsanlegg.

Ei slik løysing ville ha medført at det må leggest kablar langs Åkrevegen som vil vere hovedtilkomstvegen for anleggstrafikken til og frå Tussa II kraftverk og Bjørke transformatorstasjon. For å legge desse kablane kan ein enten legge ned trekkerøyr i forkant av anleggsarbeida i samband med utbetring av vegen for sidan å trekke kablane gjennom desse, eller kablane måte bli lagt direkte i kabelgrøft i vegskuldra. Den siste løysinga ville ha medført behov for stenging av vegen i ein lengre periode, noko som ikkje er gjennomførbart med Åkrevegen som hovudtilkomstveg til anleggsområdet. Nedlegging av trekkerøyr vert også ei meir omfattande løysing enn den omsøkte løysinga, då det må leggest trekkerøyr langs ein svært smal veg med lite eigna sideareal. I tillegg ville det ha medført lengre kabelføringar noko som ville medført auka kostnader. Med ei slik løysing ville kabelen frå eksisterande Tussa kraftverk til Bjørke transformatorstasjon blitt ca. 1 900 m, samanlikna med 715 m med omsøkt løysing. Samla sett har derfor Tussa vurdert at omsøkt løysing er ei billigare løysing som er enklare å gjennomføre i anleggsperioden.



Figur 2-3 Alternativ kabeltrasé på 1 900 m vist med brun linje, samanlikna med omsøkt løysing frå eksisterande Tussa kraftverk til Bjørke transformatorstasjon (grøn) og frå Tussa II kraftverk til Bjørke transformatorstasjon (raud).

2.5 Permanente og mellombelse hjelpeanlegg

Det er ikkje behov for permanente eller mellombelse hjelpeanlegg utover det som trengst for bygging av Tussa II kraftverk. Dette er skildra i detaljplan for miljø og landskap for Tussa II kraftverk.

2.6 Anleggsgjennomføring

Det meste av omsøkt anlegg vil bli liggande i berg. Installering av elektrisk anlegg i kraftstasjon vil bli utført når kraftstasjon- og trafohall er ferdig sprengt og klargjort for montasje. Kabelkulptar i tilkomsttunnelen vil bli etablert når tilkomsttunnelen er ferdig driven og i samband med nedlegging av øvrig anlegg i vegskulder. Kablane vil bli trekt i kulvertane og montert mot slutten av byggetida.

Kablane frå eksisterande kraftstasjon vil bli klamra til vegg i luftesjakt og vidare lagt enten i kabelgrøft eller prestøypt kanal, eventuelt ein kombinasjon av desse, i vegskuldra frå toppen av luftesjakta ned til Bjørke transformatorstasjon.

2.7 Klimaløysingar

Det er ingen vesentlege gevinstar å hente knytt til utslepp av klimagass i samband med val av materiale eller leverandør for dei omsøkte komponentane.

Tussa er i dialog med entreprenør om delvis bruk av utsleppsfrie anleggsmaskiner som elektriske dumpere.

3 Grunngjeving

Omsøkt elektriske anlegg og kabelanlegg er naudsynt for at fornybar kraftproduksjon frå Tussa II kraftverk kan leverast til kraftnettet og for å levere fornybar kraft frå eksisterande Tussa kraftverk til nettet når Linja legg om frå 66 kV til 132 kV spenningsnivå i Bjørke.

Tussa II kraftverk er i større grad eit effektkraftverk samanlikna med eksisterande Tussa kraftverk. Eksisterande kraftverk har ein installert effekt på 64 MW, medan det nye kraftverket vil få ein installert effekt på 150 MW. Det er ikkje kapasitet i eksisterande 66 kV forbindelsar mellom Bjørke og Ørsta til å overføre planlagt installert effekt, og det er derfor behov for ein ny forbindelse med 132 kV spenningsnivå for å kunne utnytte installert effekt i det nye kraftverket, og den samla effekten i nytt og eksisterande kraftverk. Linja AS som er områdekonsesjonær på Sunnmøre er også i ein prosess med oppgradering av nettet sitt frå 66 kV til 132 kV. Det er derfor sannsynleg at regionalnettet i området uansett ville blitt spenningsoppgradert til 132 kV når levetida til dagens nett er utgått. Levering av full effekt av Tussa II kraftverk på nettet avheng også av at Linja bygger ny Bjørke transformatorstasjon og ny forbindelse Bjørke – Ørsta på 132 kV spenningsnivå.

Sidan Tussa II kraftverk har lenger byggetid enn Linja sin nye 132 kV forbindelse Bjørke – Ørsta med tilhøyrande transformatorstasjon i Bjørke må bygging av kraftverket starte ca. eit år før bygging av Linja sitt anlegg dersom anlegga skal stå ferdig samstundes. Det medfører at Tussa må starte bygging av kraftverket før Linja har fått konsesjon til sitt anlegg. I utgangspunktet godkjenner ikkje NVE detaljplanar for kraftverk som ikkje har ei konsesjonsgitt løysing for nettilknytning på grunn av usikkerheita dette medfører. Ein ny 132 kV forbindelse Tussa – Ørsta, etter om lag same trasé som no er under planlegging, fekk konsesjon i 2017, men vart ikkje bygd. Tussa vurderer det som lite sannsynleg at ein ny forbindelse på 132 kV spenningsnivå ikkje får konsesjon i det heile, særleg om ein tek med i vurderinga alder på dagens to forbindelsar, og at ei auke på spenningsnivå frå 66 kV til 132 kV vil medføre at dagens to forbindelsar kan erstattast med ein. Tussa ser likevel at det kan vere noko usikkerheit knytt til sakshandsamings- og planleggingstid for Linja sitt anlegg, endringar i løysing eller uføresette forhold under bygging som medfører at ferdigstilling av Linja sitt anlegg tek lengre tid enn venta. Ei mogleg mellombels løysing vil derfor vere å legge til rette for at det nye kraftverket kan koblast til eksisterande 66 kV nett som omsøkt i denne søknaden. Tussa er klar over at ei slik løysing vil medføre at den samla effekten ikkje kan utnyttast fullt ut før ei nettilknytning med 132 kV spenningsnivå er klar, men meiner likevel at ei slik løysing kan vere ei tilstrekkeleg mellombels løysing.

4 Samfunnsøkonomisk vurdering og val av teknisk løsning

4.1 Val av konsept

Konsept for nettilknytning på 132 kV spenningsnivå er avklart i tett dialog med Linja AS. Det vil ikkje vere kapasitet til uttransport av planlagt installert effekt på 66 kV spenningsnivå.

4.2 Teknisk-økonomisk vurdering

Generelt er det prøvd å tilpasse elektrisk anlegg til planlagt installert effekt. Det er forsøkt å gjere kabeltraséane korte og med så lite inngrep som mogleg. Som vist i Figur 2-3 vil bruk av eksisterande luftesjakt gjere kabelanlegget mellom nye og eksisterande Tussa kraftverk vesentleg enklare samanlikna med alternativet som er å gå i eksisterande veg heile vegen. Det er valt eit så optimalt tverrsnitt som mogleg, men som likevel har noko fleksibilitet med tanke på uføresette forhold som kan påverke termisk kapasitet. Storleik på transformatorar og generatorar er dimensjonert med tanke på omsøkt installert effekt.

4.3 Nettkapasitet

Eksisterande 66 kV forbindelse frå Bjørke til Ørsta vil ikkje ha kapasitet til å transportere ut all effekt frå Tussa II kraftverk. Tussa har derfor inngått ein prosjektutviklingsavtale med Linja AS om ein ny 132 kV forbindelse frå Bjørke til Ørsta transformatorstasjon og bygging av ny Bjørke transformatorstasjon på 132 kV spenningsnivå. For ytterlegare informasjon om dette prosjektet viser Tussa til Linja sin søknad om Anleggskonsesjon som vart sendt til NVE i veke 7.

Tussa er i prosess med Statnett vedrørande vurdering av modenheit og om prosjektet er driftsmessig forsvarleg.

5 Verknadar for miljø og samfunn

Det meste av omsøkt anlegg ligg i berg. Unnataket er ca. 240 m kabel i veg frå kraftverksportalen til Bjørke transformatorstasjon og 480 m kabel hovudsakleg i veg frå luftesjakta til Bjørke transformatorstasjon.

Frå kraftstasjonsportalen til Bjørke transformatorstasjon vil heile traséen bli liggande i ny veg. Frå luftesjakta til Bjørke transformatorstasjon vil ca. 20 m gå i terreng, ca. 80 m i eksisterande veg og dei resterande 380 m i ny veg. Alt anlegg som skal ligge i ny veg vil bli lagt til rette for ved oppbygging av vegen, og vil ikkje medføre inngrep utover dei inngrepa som allereie vert i samband med bygging av kraftverket. For dei ca. 100 m kabel i terreng og langs eksisterande veg frå luftesjakta må det gravast 20 m kabelgrøft i terreng og vidare ca. 80 m grøft i vegskulder på eksisterande veg. Her vil det bli behov for mellomlagring av massar langs vegen i samband med etablering av grøfta.

Men ei grøftebreidde på 1 m utgjer det permanente arealbeslaget i friluft eit areal på 720 m², der 700 m² av desse vert liggande i vegskulder.

Grenseverdien for utgreiing av elektromagnetiske felt på 0,4 µT strekk seg vanlegvis ca. 10 - 15 m ut frå senter kabeltrasé på denne typen forbindelsar. Næraste bustadhus ligg ca. 130 m frå kabelanlegget. Det er dermed ikkje fare for elektromagnetiske felt som overstig grenseverdien for utgreiing på 0,4 µT for det omsøkte anlegget.

Det er utført naturkartlegging i området. Denne viser at det ikkje er kartlagt viktige naturtyper, artar eller økologiske funksjonsområde i områda der kabelanlegga er planlagt i dagen.

Tussa vurderer at omsøkt anlegg ikkje medfører vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og dette er derfor ikkje vidare utgreia.

6 Naturfare og beredskap

Området der det skal leggest kabel i veg ligg innanfor aktsemdsområde for både snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Det er utført skredfarevurdering for områda der det skal leggest kabel i veg (Norconsult 2025). Det aktuelle området er i rapporten omtalt som Kartleggingsområde 1.

Skredfarevurderinga konkluderer med at området er utsett for snøskred. Flaumskred og sørpeskred kan ikkje utelukkast, men det er vurdert som svært lite sannsynleg at skred av denne typen vil bli store nok til å treffe kartleggingsområdet med betydeleg skadepotensiale. Snøskred er vurdert å vere dimensjonerande skredtype for faresonene. Det er vurdert som lite sannsynleg at det vil løsne steinskred i fjellsida som vil treffe kartleggingsområdet.

Nedgravne kablar på 1 m djup er i liten grad utsett for skade i samband med snøskred eller steinsprang. Dei er i større grad utsett for skade frå flaum- og jordskred, men faren for denne typen skred er vurdert som svært lav i området.

Nedre del av tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområde for marin leire. Det er utført geotekniske grunnundersøkingar i området for å undersøke eventuell fare for kvikkleireskred. Undersøkingane viser ikkje sprøbruddmateriale over berg, og det kan konkluderast med at det ikkje er fare for kvikkleireskred i området, eller at byggearbeida eller dei planlagde anlegga kan medføre far for kvikkleireskred. (Norconsult 2025).

7 Forhold til grunneigarar og rettshaverar

7.1 Kjøp av naudsynte rettar

Tussa er i kontakt med aktuelle grunneigarar og ynskjer å inngå friville avtalar med alle grunn- og rettseigarar. For dei eigedomane det ikkje vert oppnådd minneleg avtale vil det bli sendt eigen søknad om ekspropriasjon.

7.2 Erstatningsprinsipp

Erstatning vil bli utbetalt som ei eingongserstatning, og skal i utgangspunktet svare til det varige økonomiske tapet som eigdommen vert påført ved utbygging. Langs kabeltraséen beheld grunneigar eigedomsretten, men Tussa kjøper retten til å bygge, drive, oppgradere og sanere omsøkt kabelanlegg. Avtalen vil bli tinglyst.

7.3 Rett til juridisk bistand

Ved ein eventuell søknad om ekspropriasjon vil parter i ei eventuell skjønnsak ha rett til å få dekkja naudsynte kostnader for å ivareta sine interesser etter oreigningsloven § 15 andre ledd. Kva som er rekna som naudsynte utgifter vert vurdert ut frå saka sin art, kompleksitet og omfang. Normalt vert rimelege utgifter til juridisk og teknisk bistand akseptert.

Det er forventa at alle partar med samanfallande interesser nyttar felles juridisk og teknisk bistand. Behov for slik bistand skal meldast til Tussa, som vidareformidlar kontaktinformasjon til aktuelle rådgjevarar. Utgifter må dokumenterast med oppdragsbekreftelse og timelister slik at Tussa kan vurdere om kravet er rimeleg før utbetaling. Usemje om nødvendigheit eller omfang kan etter oreigningsloven leggast framfor Justisdepartementet, jf. kgl.res. 27. juni 1997.

Tussa II kraftverk


Søknad om anleggskonsesjon

Oppdragsnr.: 524006523 Dokumentnr.: RA-RIM-05 Revisjon: E02

Vedlegg

- Vedlegg 1 Søknadskart
 - 1.1 L-200 Nettilknytning, Permanent situasjon.
 - 1.2 L-201 Nettilknytning, Mellombels situasjon.
- Vedlegg 2 Liste over berørte eiedommar

X:\norconsult\Gis\2025-12-17\NTM6_meter_Veg til deponi Bjørke\Tilleggstunel, Pålugg_portal, Portalbygg_område, Utløpstunel, 52406523_eksport_damomiss, Tunneisystem_2D_for_arealbruksplan, B-104_Plan_Maskinsal_Veter_2D_Eksisterende_anlegg_GN_Pkg_Nyttusssa



FORKLARINGER

- Bjørke transformatorstasjon
- Portalbygg
- Vanntunnel, eksisterende
- Vanntunnel, ny
- Adkomsttunnel, ny
- Vegtunnel, ny
- Veg
- Kabeltrasé fra eksisterende Tussa kraftverk i berg
- Kabeltrasé fra eksisterende Tussa kraftverk i grøft
- Kabeltrasé fra Tussa II kraftverk i berg
- Kabeltrasé fra Tussa II kraftverk i grøft

TILVISNING

Koordinatsystem: Euref89 NTM6
Høgdesystem: NN2000

TILVISNING

Arealbruksplan. Oversikt.
Nettilknytning. Mellombels situasjon

Se tegn. nr.
L-100
L-201




E02	2026-02-18	For godkjenning hos myndigheter	GH	OIKle	OeyRoe
E01	2025-12-18	For godkjenning hos myndigheter	GH	OIKle	EBuKu
Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Tussa Energi AS Målestokk (gjelder A1)
1:2500

Tussa II Kraftverk
Nettilknytning
Permanent situasjon

X:\norconsult\Gis\2025-12-17_NTM6_meter_Veg til deponi Bjørke\1. Tilleggstunel, Pålugg, portal, Portabbygg_område, Utløpstunel, 52406523_eleport_damomiss, Tunneisystem_2D_for_arealbruksplan, B-104_Plan_Maskinsal_Veter_2D_Eksisterende_anlegg_GN_Pkg_Nyttusssa



TEIKNFORKLARING

- Bjørke transformatorstasjon
- Portalbygg
- Vanntunnel, eksisterende
- Vanntunnel, ny
- Adkomsttunnel, ny
- Vegtunnel, ny
- Veg
- Kabeltrasé fra eksisterende Tussa kraftverk i berg
- Kabeltrasé fra eksisterende Tussa kraftverk i grøft
- Kabeltrasé fra Tussa II kraftverk i berg
- Kabeltrasé fra Tussa II kraftverk i grøft


TILVISING

Koordinatsystem: Euref89 NTM6
Høgdesystem: NN2000

TILVISING

Arealbruksplan, Oversikt.
Nettilknytning, Permanent situasjon

Se tegn. nr.
L-100
L-200



E02	2026-02-18	For godkjenning hos myndigheter	GH	OIKle	OeyRoe
E01	2025-12-18	For godkjenning hos myndigheter	GH	OIKle	EBuKu
Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Tussa Energi AS Målestokk (gjelder A1)
1:2500

Tussa II Kraftverk
Nettilknytning
Mellombels situasjon

Tussa II kraftverk

Søknad om anleggskonsesjon

Oppdragsnr.: 524006523 Dokumentnr.: RA-RIM-05 Revisjon: E02

VEDLEGG 2 LISTE OVER BERØRTE EIGEDOMMAR

Gnr/Bnr

234/10

234/2

235/5

235/4

235/3

235/1

235/8

235/3

235/1